

Det kongelige miljøverndepartement
Postboks 8013 Dep

0030 OSLO

Sakshands.: Trygve Halvorsen

Tlf.: 52 79 22 31 Faks 52 79 22 75

Vår ref.: 2003013750 A.nr.:

Sak ID: 2003001246 - 4

HØYRING - NOU 2003:14 BEDRE KOMMUNAL OG REGIONAL PLANLEGGING ETTER PLAN OG BYGNINGSLOVA

Me viser til Dykkar skriv d.s. 20.05.2003.

Kommunestyret i Suldal drøfta saka i møte 29.10.2003, sak 69/03, og gjorde slikt vedtak:

- 1 Suldal kommune ser føreliggande forslag frå planlovutvalet (NOU 2003:14) som ei naturleg og rett vidareutvikling av plandelen i nåverande plan og bygningslov. For Suldal er forslaga til betre differensiering av arealbruken i LNF-områda og høve til meir heilskapleg kystzoneplanlegging serleg interessante.
- 2 Suldal kommune vil vidare peike på fylgjande:
 - a. Det er viktig at den føreslåtte harmoniseringa av særlover til plan og bygningslova vert gjennomført og at dette harmoniseringsarbeidet vert ført vidare. Mindretalsforlaga i utvalet med reservasjon mot slik harmonisering, må avvissast.
 - b. Det nye arealføremålet "areal for omforming og fornying" kan bli svært nyttig dersom det vert utstyrt med effektive gjennomføringsreglar, til dømes "urbant jordskifte".
 - c. Urbant jordskifte kan bli eit viktig virkemiddel for gjennomføring av planar dersom det blir utforma med det for auga. Å kreve full frivilligheit er rett når det gjeld private partar. Når kommunen berre stiller som "privat" grunneigar, skal han heller ikkje vere i noko særstilling
Men kommunen har ein særleg funksjon som ansvarleg for den ålmenne samfunnsutviklinga i lokalsamfunnet, (jfr. som planstyresmakt). I den samanheng bør kommunen kunne kreve jordskifte utan at einskilde grunneigarar kan sette seg imot det. Grunneigarar som ikkje vil vere med på jordskiftet må kunne kreve eigedomen innløyst av kommunen (til dømes som ein del av jordskiftet). Slike innløysingsrettar/krav kjenner ein i plansamanheng frå lova slik ho er i dag.
 - d. Hovudinnvendingane mot planprosessane i dag er at dei tar for lang tid og er for ressurskrevande. Derfor er det positivt med tidsfristar og at det ikkje lenger er høve til "omkamp" både for klager og motsegn. Derfor støttar Suldal


mindretalet i utvalet som vil at retten til motsegn skal falle bort dersom ein ikkje held tidsfristen som er sett. Dette er viktig for å få fart på planane.

e. Forslaget vil kreve auka planleggingsressursar i kommunane. M.a. vil innføring av planstrategiar og planprogram som skal sendast ut på eigne høyringar og eigne utleggingar til offentleg ettersyn kreve større tidsforbruk. Dessutan skal planane utarbeidast av sakkyndige. Det er god grunn til å tvile på at kommunane har høve til å auke ressursane til planlegging sjølom det er aldri så mykje lovpålagt. Til det er konkurransen med andre lovpålagde oppgåver som skule, barnehage og eldreomsorg altfor stor. Derfor bør planprosessane forenklast og effektiviserast. Ein bør til dømes unngå to rundar med høyringar og utlegging til offentleg ettersyn for ein og same planprosess. Tidbruken vil auke sterkt samstundes som høyringsinstansane vil få auka arbeidsmengde.

3. For ytterlegare omtale og grunngjeving viser ein til saksutgreiinga frå rådmannen.

./ Kopi av innstilling og vedtak ligg ved.

4230 Sand, 31.10.03


Andreas Drarvik
ordførar